

På sporet av eit liv - - -

Strinda-guten som vart ”territorialsjef” i Kongo

Major M. G. Jyssum (1881-1975)

Av Eivind Hasle

”Om hundre år er allting gløymt”, heiter det. Ofte trengst det nok heller ikkje så lang tid, når det t.d. dreier seg om enkeltpersonar, og kanskje med unntak for den aller næraste slekta. Dette ser ein sjølv om det synest å dreie seg om uvanleg innhaldsrike liv. I alle fall kan det sjå slik ut når vi i dag prøver å grave fram livshistoria til Martin Gerhard Jyssum.

Frå guteåra visste eg av han – ein slank, stram eldre kar som av og til var med på møte i styret for Meldal yrkesskole, der far min var rektor. Jyssum hadde ei eller anna stilling i Orkla Grube Aktiebolag, men vart alltid omtala som major Jyssum. Ein gong oppfatta eg at han i yngre år hadde vore i Kongo – og det var sjølv-sagt nokså eksotisk å høyre på 1950-talet. Då 50-årsskriftet for Meldal Yrkesskole kom i 1996, var det der både bilde og omtale av major M. G. Jyssum. Frå 1940 hadde han vore sentral som representant for Orkla Grube i arbeidet med å få i gang skolen, og frå 1946 og heilt til 1965 sat han i styret for skolen.

Etter kvart har det meldt seg eit ønske om å finne ut meir om mannen. Det viste seg fort ikkje å vere enkelt. Ein kort om-

tale av mannen finst på WikiStrinda, nettsidene til Strinda Historielag, og han er så vidt omtala i historieboka til Orkla Grube Aktiebolag frå 1954, der det er nemnt at han vart fast tilsett i Orkla-konsernet som hovudrevisor 1931-1951 – og ”han ble senere også benyttet til en rekke administrative og ekstraordinære gjøremål”. I det 6 bind store bygdebokverket for Meldal kommune er han ikkje nemnt, og heller ikkje i den store historieboka *Brytningstider. Storselskapet Orkla 1654-2004*.

Likevel var det klart at major Martin Gerhard Jyssum var ein person som det kunne vere interessant å finne ut meir om. I *Årbok 2010* for Meldal Historielag er det t.d. gjengitt ei ”Beretning om Våttåstuggu” av O. E. Sundli. Her blir det fortalt om eit arrangement i 1937: “I 1937 vart det ved eit høve tent veter på mange fjelltoppar rundt i Trøndelagsbygdene. Det var bondeorganisasjonen som stod for dette for å sjå korleis eit slikt signalsystem frå gammal tid hadde verka. På Loskammen vart det og tent vete den gongen, og foredrag vart halde av major Jyssum.”

Den same hendinga fortel Jon Leirfall om i si minnebok *I storm og stille* frå


1989, der vi får høyre at det var bygdeungdomslagsrørsla som sto bak, og målet var å registrere og teste dei gamle vardefjella i Midt-Noreg.

Det interessante i vår samanheng er at major Jyssum var til stades og heldt tale. Det fortel oss at han var ein vel kjent person i bygda etter 6 år i Meldal, og at han også hadde tilknytning til Bondepartiet og bondeorganisasjonane. I ettertid har eg også fått stadfest – av barnebarnet Tore Jyssum – at bestefaren hadde ei sentral rolle på Loskammen i 1937, og m.a. hadde notert kor lang tid varslinga tok frå den eine varden til den andre. Både notata og talen hans har barnebarnet bevart.

I Statsarkivet på Dora i Trondheim fann eg *Norges Militære Embedsmenn 1929*, og her er også ein detaljert omtale av ”Jyssum, M. G. :

| Jyssum, M. G. | |
|--|---|
| <p>Jyssum, Martin Gerhard, f. i Strinden 18. mai 1881, sønn av gårdbruker U. R. Jyssum og Gjertrud Kuvaas.</p> <p>Eks. Krigsskolens øverste avd. 1904, premierløytnant i Infanteriet 1904, kaptein 1917. Tjgjort i 2., 4. og 5. Divisjon, som adj. i Trondhjem, kompanichef i Garden 1913—14, insp.off. v. Krigsskolen 1914—17, chef for Infanteriets pelotongførerkursus 1917—18, senere kompanichef v. S. Trondhjems I. R. nr. 12 til 1930, chef for 5. Divisjons bef. sk. fra 1930. Infanteriets skytesk., Infanteriets vintersk., Håndgranatkursus. Tjgjøring i Congostaten (derpå i Belgisk Congo) 1905—08 og 1909—13, delvis som militær, delvis som territorialchef, kommanderte kronedomenen i Kasai, chef for politi- og militæroperasjoner, anc. som commandant fra 1. juli 1912.</p> <p>Eks. art. 1901. Cours Colonial, Bruxelles 1904—05. Gårdbruker i Ullensaker. Medl. av herredsstyre, formannskap, skolestyre.</p> <p>R. B. L. O., B. Kongo St. II.</p> <p>Gift i Kristiania 26. nov. 1915 med Jensine Midtlid, f. i Kristiansund 13. apr. 1893, 2 sønner.</p> |  |
| <p>M. G. Jyssum sin far het Mons Jyssum - ikkje U. R. Jyssum som det står her.</p> | |

Her finn ein altså meir om bakgrunnen til personen før han kom til Løkken, truleg basert på opplysningar frå han sjølv. Han var av gammal bondeslekt frå Børsa som i 1880 hadde flytta til Bratsberg øvre i Strinda. Etter store økonomiske problem vart faren frå 1893 forpaktar på den kommunale eigedommen Sommersetra i Bymarka. Martin – den 6. ungen i ein søskenflokk på 12, hadde gode evner, og venner av familien hjalp til slik at han kunne ta middelskoleeksamen og seinare examen artium på Katedralskolen i Trondhjem i 1901. Frå Sommersetra gjekk han til skolen i byen kvar dag. Seinare tok han øverste krigsskoleutdanning i Kristiania, før han - liksom fleire offiserar på hans tid – søkte seg til utlandet. Han reiste til Brussel og gjekk på koloni-universitetet (Cours Colonial)



Krigsskoleutdannet 1904.




Trondheim kommunes eigeedom Sommerseier på den tida eigedommen vart forpakta av familien Jyssum. Dei forpakta eigedommen fram til ca. 1918.

i Belgia 1904-05. Så var han i Kongo i 2 periodar: 1905-1908 og 1909-1913. Deretter kom han tilbake til Noreg, der han først var knytt til Garden og Krigsskolen i Oslo, og samtidig også gifta seg og skaffa seg gard i Ullensaker. I Ullensaker vart han og medlem av kommunestyre, formannskap og skolestyre. På 1920-talet vende han tilbake til Trøndelag, der han framleis hadde militære stillingar, som kompanisjef i I.R.12 og sjef for befalsskolen i Trondheim. Men som 50-åring i 1931 må han ha gjort ei større justering av yrkeskarrieren, og søkt og fått stilling som hovudrevisor i Orkla-konsernet.

Kongo

Martin Gerhard Jyssum var ein person som heile livet synest å ha knytt personlegdomen sin til den militære utdanninga og karrieren. Han var "kaptein" og "major", uansett stilling, og var ein person som hadde autoritet med seg og synest vant til å administrere og vere leiar. Spesielt viktige må åra i Kongo ha vore, eit landområde like stort som heile Vest-Europa. Her kom han som ung og nyutdanna og vart delvis kartteiknar og oppretta kommunikasjonslinjer som har blitt til vegar og byar i dag. I tillegg var han leiar av politi- og militæroperasjonar og "territorialchef" med ansvar for tryggleiken i District du Sankuru (mellom elvene Lualaba og Kasai) - eit land-



Sentrale Kongo mellom elvene Kasai og Lualaba hvor Jyssum var territorialforvalter 1905 - 13.

Administrasjonssentret var Lomela, og andre steder han residererte var Loto, Kole, Lubefu og Katakokombe, som han grunnla. Jyssum foretok ekspedisjoner helt sør til Dilolo på grensen til Angola.

Kart og tekst fra Spor nr. 1, 2003.

område større enn halve Noreg og med ca 1 ½ mill innbyggjarar. I 1912 vart han utnemnt til kommandant for kronedomenen Kasai, eit område større enn heile Noreg. Major Jyssum var såleis i Kongo både då "Fristaten Kongo" framleis var kong Leopolds personlege eigedom – frå 1885 til 1908, og frå 1909 då kolonien var blitt "Belgisk Kongo".

Belgiske historikarar har fram til dei siste åra vore lite interesserte i å skildre forholda i denne kolonien, men etter kvart har andre historikarar, m.a. amerikanaren Adam Hochschild og ulike afrikanske historikarar, lagt fram mykje dokumentasjon om korleis regimet i Kongo var både før og etter 1908. Det fekk tidleg ord på seg for å ha vore eit av dei aller mest brutale kolonistyra, noko som igjen forklarar mykje av dei problema som dette afrikanske landet har hatt

opp mot vår tid. I 2010 kom så ei ny stor historiebok om Kongo, *Kongo. Historie om Afrikas hjerte* skreven av ein belgisk arkeolog og forfattar, David van Reybrouck, og denne boka inneheld mykje interessant stoff frå Kongos historie, i stor grad bygd på kongolesiske stemmer og kjelder.

Det er vanskeleg i dag å rekonstruere nøyaktig kva for arbeidsoppdrag major Jyssum var involvert i og kva slags erfaringar han hadde med seg frå åra sine i Kongo. Kongo var eit svært stort land, og Jyssums reise våren 1905 tok til dømes 10 veker frå Brussel, via kysthovudstaden Boma til administrasjonssenteret Lusambo. I 1906 var det berre 1500 europeiske embetsmenn i Kongo, og ca. 3000 kvite i alt. 2/3 av landet var dekt av tettvekst regnskog, og landet vart styrt ved at det var oppretta


ca. 50 militærstasjonar rundt om, med europeiske offiserar og afrikanske leigesoldatar, tilslutta "Force Publique". Disse militærstasjonane var underlagt den belgiske generalguvernøren i Boma og administrerte kvar sine landområde, "på størrelse med Nederland", som van Reybrouck skriv. Både Hochschild og van Reybrouck gir detaljerte skildringar av kong Leopolds regime i Kongo, og fortel også korleis misjonærar og enkelt-personar, spesielt dei britiske Edmund Morel og Roger Casement, etter kvart greidde å reise ein internasjonal kritikk mot brutaliteten mot afrikanarane i kong Leopolds jakt etter inntekter frå elfeben, gummi og mineralar. I 1904 vart reformrørsla "Congo Reform Association" oppretta for å avvikle den kongolesiske fristaten, og kampanjen spreidde seg frå England til USA, Frankrike og Tyskland. I Noreg var m.a. Bjørnstjerne Bjørnson ein av dei som sympatiserte med kampanjen. 20 norske juristar frå Noreg kom med i kong Leopolds halv-

hjarta forsøk på å bygge opp ein rettsorden og beskytte afrikanarane mot valdsbruken og brutaliteten til regimet. Og frå 1908 var Kongo altså ikkje lenger kong Leopolds personlege eigedom, men ein koloni under staten Belgia.

Major Jyssum var i Kongo både før og etter dette skiftet. Dette viser og at han vart godkjent av det nye regimet som var etablert under parlamentet i Brussel og Kolonirådet for å få bort dei verste overgrepa mot dei innfødde. Mykje tyder elles på at Jyssum hadde større respekt for dei innfødde og deira kultur enn mange europearar. Han lærte seg brukbart det bantuspråket som soldatane hans snakka, og han fekk stor sans for dei lokale kulturane, t.d. når det galdt musikk, våpenproduksjon og anna handverk og ulike religiøse og rituelle handlingar. Tilnamnet "Chose" fekk han av venene sine i Afrika fordi han alltid, på fransk, spurte etter "kva heiter den tingen". Kor langt frå Noreg han



På militær ekspedisjon saman med sine soldatar i 1912. 1: Lunula (boy), 2: Tolken Kalema, 3: Jyssum.
I forgrunnen ser vi Jyssums hund Duc.



Jyssum med hunden Duc i 1912.

var, kan elles t.d. illustrerast ved at Jyssum først seint på hausten 1905 fekk ei postsending som fortalde at unionsoppløysinga med Sverige var gjennomført og Noreg var blitt ein sjølvstendig stat.

Det må nemnast at Kasai, det området der major Jyssum heldt til, var ein svært sentral del midt i Kongo, men samtidig langt frå "sivilisasjonen" og andre europearar, og vanskeleg å ta seg fram i, der dagsmarsjane kunne variere frå 60 km til 3 km om dagen. Det var både store naturressursar og stor sosial og politisk uro i området, mellom ulike folkegrupper som delvis kriga mot kvarandre, og mot kolonistyret og rovdrifta etter elfeben, gummi, diamantar og koppar. Utvinninga av naturgummi var dominerande i åra 1895-1905, før gummiplantasjar og etter kvart kunstig gummi kom. Under kong Leopold hadde det utvikla seg eit brutalt system med at stammar og

lokalsamfunn fekk seg tildelt kvotar med naturgummi som skulle samlast inn, og det vart gjennomført straffeaksjonar dersom innbyggerane protesterte eller kvotene ikkje vart oppfylte. I desse staffeaksjonane kunne det fort vere snakk om både den offisielle straffemetoden pisking med chicotte (ein hard lærpisk av flodhestskinn), avkutting av hender, og nedbrenning av lokalsamfunn. "Rød gummi" var eitt av namna på den blodige gummipolitikken, som fekk store følgjer med interne flyktningsstrømmer, nedslaktning i stor skala, sjukdommar og nedgang i folketalet.

I eit 90-årsintervju i Adresseavisen i 1971 gir Jyssum nokre glimt av minna sine frå Kongo:

"Jeg brukte et år på å skape orden. Til hjelp hadde jeg 4-5 stasjoner som ble opprettet med ca. 200 kilometers mel-

lomrom, og på hver av disse stasjonene var det en mindre hæravdeling. På den tiden var det stadig stammefeider p.g.a. grensetvister og krangel om jakt- og fiskerettigheter. Ja, det brøt sogar ut kriger fordi to høvdinger ble usams om vakre kvinner” !

Jyssum fortel om den lange avstanden frå Europa, der t.d. posten tok fleire veker før han kom fram, og der det til og med kunne hende at

“... postbudet forsvant underveis. Tre av mine kurerer ble spist opp av Basongomenostammen, som bodde i mitt distrikt”.



Kavleveg 1906. Bildet illustrerer kvaliteten på “vegane” i Kongo på denne tida, bygd av greiner og runde stokkar gjennom urskog og vått terreng.

Kontakten med regjeringa i Brussel var *“... temmelig skral fordi det tok gjerne et halvt år fra du skrev brevet til det kom svar. Derfor ble jeg ofte nødt til å handle slik jeg fant det fornuftigst når det dukket opp et problem som krevet en snarlig løsning. Vi europeerne som holdt til i hjertet av Congo hadde mange ganger følelsen av å leve på en annen klode. Mangt av det vi opplevde ville neppe blitt trodd i Europa”.*

Jyssum var i Noreg nokre månader 1908-09. Då kan kom tilbake, var det full krig i distriktet, og Jyssum rykka inn i området der stammekrigane rasa som verst med si vesle hæravdeling på 100 mann:

“En natt slo han leir i en liten landsby, og det varte ikke lenge før hyttene var omringet av flere hundre krigerske negre. Usynlige tam-tam-trommer spredte sine illevarslende dunk, og 360 grader rundt landsbyen var det flakkende bluss fra fakler og bål. Jyssums gamle, trofaste neger-oppvarter kom opphisset inn til territorialforvalteren og sa at budskapet fra trommene var meget uanstendig. Jyssum, som ikke kunne lese trommene, ba om å få det nærmere forklart. Trommene sier at før solen renner skal kommandantens edleste legemsdeler ligge i kjøttgrytene! sa oppvarteren fortvilet. Kommandant Jyssum måtte medgi at dette var temmelig ”uanstendig”, og i hui og hast samlet han sine tropper til et utfall. Soldatene ble innprentet at skudd bare måtte løses i nødsfall. Den vesle hæren klarte virkelig å drive omringer-

ne på flukt og snyte dem for hovedretten på frokostseddelen, - uten et skudd, men med mye skrik og skrål”.

Major Jyssums samling på Vitenskapsmuseet

Det er rekna at bortimot 200 nordmenn verva seg til teneste for kong Leopold i Kongo. Ein av dei mest kjente var offiseren og den nynorske avismannen og skribenten Albert Joleik frå Flora i Sunnfjord. Han heldt til på ein mindre stasjon i Lualaba-Kasai på den tida Jysson var i Kasai, og brukte alltid å opne rapportbrev sine med ”Fra Småsjefen til Storsjefen”. Albert Joleik fekk ein son med ei afrikansk kvinne medan han var i Kongo. Og det var Jysson som fekk oppgåva – visstnok etter ordre frå den belgiske generalguvernøren i den dåverande hovudstaden Boma – å kjøpe fri vesle Olav Joleik frå mor si, Wanga, med nok sølv den dagen i 1908 då dei skulle returnere til Europa, og ho ikkje ville vere med. Olav Joleik levde som sjømann og småbrukar i Sunnfjord til han døydde 92 år gammal, så seint som i 1999.

M. G. Jysson deltok aktivt i foreininga til dei norske Kongoveteranane så lenge ho eksisterte, dvs. til rundt 1960. I Vitenskapsmuseets etnografiske samling i Trondheim finst det elles ei interessant samling som vitnar om tida hans i Afrika. Då M. G. Jysson døydde i 1975, fekk museet ei testamentarisk gave på rundt 50 gjenstandar som han hadde



Jysson i høvdingdrakt foran si samling frå Kongo i Kristiania i 1914.

samla seg i den tida han var i Kongo. Over halvparten av gjenstandane er våpen, ulike økser, spyd, dolkar, og elles finst her ulike piper, masker, beger, belte, musikkinstrument, matter, jakker, kjortlar og huve - og i tillegg ein del bilde. Ei arabisk-afrikansk hovdingdrakt fekk han av ein lokal hovding han hadde hatt mykje å gjere med. Bildet av Jysson i denne drakta er elles tatt i tilknytning til den store jubileumsutstillinga i Kristiania i 1914.

Jyssums samling ved Vitenskapsmuseet.

Fra artikkel av Britt Eli Thingstad, Vitenskapsmuseet, i Spor nr. 1, 2003. Foto: Per E. Fredriksen, Vitenskapsmuseet.

Gjenstandsmaterialet tilhører kulturene Basongo-Meno, Bakuba og Batela. "Ba" er et bantuprefix, som betyr folk. Basongo kalles nå Songye-kulturen. Gjenstandsmaterialet er svært variert, og over halvparten er våpen. Det er flere typer økser med trehåndtak beslått med kobberplater. Det finnes spydspisser/dolker av både jern og kobber, flere med dekor utført i forskjellige materialteknikker. Kasai, og områdene omkring, er svært rik på naturressurser, og her startet man tidlig med kobberutvinning.

Regnskogen og flodene hadde et yrende dyreliv og disse ressursene ble naturligvis utnyttet i gjenstandsproduksjonen. Blant de gjenstandene som museet fikk overlevert, er det et økseskaft trukket med krokodilleskinn og to kniver laget av skinn. Masker, figurer og kultobjekter brukt i forbindelse med forskjellige stammeritualer, er oftest laget av tre og andre naturmaterialer. Til samlingen hører det mange fint bearbejdede gjenstander med utskjæringer i geometriske mønstre og med magiske tegn.

Det prekoloniale Afrika hadde en muntlig kultur der skaldere og sagnfortellere var tradisjonsformidlere. Arbeid på marken, kanopadling, jakt og religiøst liv ble ofte utført til sang og rytmeakkompagnement. Musikk og dans var en del av dagliglivet. I samlingen finner vi også et musikkinstrument. Det er et blåseinstrument laget av et dyrehorn dekorert med pels. Jyssum fant det facinerende når alle ordre han gav til sine ansatte straks ble omgjort til sang. Sangen vedvarte til arbeidet var gjort.



Kraftig horn av tre ca. 35 cm langt. I den spisse enden er et hull lukket med en liten trepropp. Det skal ha vært brukt rituelt og tegnene skal være av magisk karakter.



Pipe av tre pyntet med messingtråd. Kalebassen er fylt med tørket gress. Røyking av hamplanten ble brukt i religiøse sammenhenger hos flere stammer.



Utskåret pipehode i tre med glassperler og skjell. Pipestilken er også utskåret med geometrisk mønster. Total lengde 80 cm.



Kongoveteranar ca. 1948. Jyssum var den siste gjenlevande i denne foreninga da han døydde i 1975. Foreninga blei stifta i 1939.

Militære stillingar i Noreg

I 1913 reiste Jyssum heim til Noreg på ferie, og medan han var her, braut 1. verdskrigen ut. Jyssum vart engasjert som kompanisjef i H.M.Kongens Garde, og han hadde stillingar ved Krigsskolen. Samtidig gifta han seg, kjøpte Gislevold gard på Jessheim i Ullensaker, og den dreiv han i åra 1918-1928. I Ullensaker var han og i åra 1923-26 stiftar og første formann i Ullensaker Bondelag, og han engasjerte seg i lokalpolitikken, gjennom Bondepartiet. Iføl-

gje familien skal han også ha vore på tale til forsvarsministerposten då Bondepartiet hadde regjeringsmakt frå 1931 til 1933. Som kjent vart det Vidkun Quisling som vart forsvarsminister desse åra.

Medan Jyssum budde på Austlandet, var han samtidig frå 1918 kompanisjef i Søndre Trondhjems Infanteriregiment, IR12, og instruktør og sjef for sommarrekruttskolen på Værnes frå 1920 til



Trondheim i 1930 - på gardsplassen til Munkegata 6 der Befalsskolen heldt til. I bakgrunnen ser vi Trondheim katedralskole.

1931. Etter nokre år flytta Jyssum og familien nordover til Trøndelag igjen, og han vart sjef for 5. divisjons Befalsskole i Trondheim. Det er som sjef for den kaptein Jyssum gjennomførte og har skrive i Trondhjem Turistforenings Årbok 1931 om *"En ski- og kjøretur fra Meraker over Essandsjøen og Nedalen til Røros i februar 1930."* Jyssum hadde då i mange år gjennomført lengre vinterutmarsjar med gardistar og krigsskoleelevar, både på Austlandet og - helst - i Sylane.

Sjølv om Martin Gerhard Jyssum slutta i militæret og vart hovudrevisor i Orkla



Reserveoffiser 1935. Medaljane er fra tida i Kongo. Medaljen lengst til venstre er Ridder av den Kongl. Belgiske Løveorden - "Chevalier de l'Ordre Royal de Lion" - tildelt av kong Albert i Bryssel 21. jan. 1913.

Grube i 1931, var han likevel framleis reserveoffiser, og han hadde nær kontakt med det militære. Utover på 1930-talet var han instruktør på fleire "skogrekruttskolar" og på "frivillig militær opplæring" som vart gjennomført i samråd med styresmaktene. Frå 9. april 1940 var han med i kampane mot den tyske framrykkinga, m.a. med ansvar for forsyningstenesta i kampane oppover mot Oppdal. Det galdt t.d. mat, brensel, våpen og ammunisjon. Mellom anna vart bilar med ullteppe og sengetøy sendt frå Orkla Hotell, merkt "Rekvirert fra fru Kiær" (direktørfrua), som var re-



Jyssum saman med kronprins Olav i Molde, juli 1945.

presentant for Sanitetsforeninga. Nokre dagar (25. april – 1. mai) var han beordra av general Otto Ruge som ”stedfortredende distriktskommandosjef” i Sør-Trøndelag, med tilhald i kommandosenteret på Oppdal, og han leia tilbaketrekkinga frå Oppdal til Meisingset (Tingvoll) før dei la ned våpna. Deretter gjekk han heim igjen til Løkken gjennom Trollheimen. Under frigjeringa i 1945 var han avsnittssjef for IR 11 i Møre og Romsdal nokre veker frå 8. mai. Frå Endre Nisjas dagbok veit vi m.a. at han som avsnittssjef besøkte Sunndal i slutten av mai 1945, og det finst fleire bilde av han saman med kronprins Olav då kronprinsen inspiser-te distriktskommando Møre i Molde i slutten av juli 1945. I dei militære registra er han registrert som ulønna tjenestepliktig offiser til 18. mai 1946.

Hovudrevisor i Orkla Grube

I 1931 vart Jyssum tilsett som hovudrevisor i Orkla Grube. Han fekk seg hus i sentrum på Løkken til han og familien etter kvart vart buande i Villaveien 13, der han budde til han flytta til Byåsen i Trondheim i 1952. Hovudrevisor var han til 1951, men han var framleis tilknytta konsernet til 1957. Kva som i 1931 fekk han til å slutte den militære karrieren og gå over i ei slik revisorstilling, er ikkje greitt å vite i dag. Men det er mogleg å tenke seg at næringslivsmannen, arkitekten og direktøren Christian Thams (1867-1948) hadde vore ei viktig inspirasjonskjelde både då Jyssum søkte teneste i Kongo, og då han seinare fekk stilling i Orkla Grube Aktiebolag. Thams var som kjent sentral i oppstartinga av Orkla Grube etter århundreskiftet, han var personleg ven med kong Leopold, hadde bygd direktørbustad og andre hus til guvernøren i Kongo, han var belgisk konsul for Midt-Noreg, og var sentral i kong Leopolds rekruttering av nordmenn til teneste i Kongo. I tillegg veit vi at det var stor frustrasjon i forsvaret i åra rundt 1930 på grunn av økonomisk tronge tider og små ressursar til det militære. Jyssum følte seg og forbigått då han søkte sjefsstillinga ved Krigsskolen i Oslo i 1930, og han hadde i tillegg behov for stilling med sikker inntekt for familien.

I Meldal og i Orkla Grube vart Jyssum raskt ein sentral medarbeidar. Han engasjerte seg politisk og vart vald til kommunestyret for Bondepartiet. Den



Styremøte 1937 i Orkla Grube Aktiebolag, utanfor hotellet på Løkken.

sentrale rolla hans skjønar vi og av det bildet som vart tatt på trappa framfor Hotellet på Løkken i 1937, der Jyssum står midt i flokken saman med toppleiarane i Orkla Grube Aktiebolag. Han var tilsett som "hovedrevisor", men som det står i jubileumsboka frå 1954, fekk han også mange andre arbeidsoppgåver. I administrasjonsbygget på Løkken hadde han kontor rett over gangen for Arne Lauritzen, som begynte der i 1946. Lauritzen hugsar Jyssum som ein streng eldre mann som det sto stor respekt av, og som hadde eigen sekretær.

Då Quisling-regjeringa i 1942 samla jødane for å sende dei sørover til utryddingsleirar, vart det oppnemnt personar som skulle ta vare på eigedomar og eigendelar. Advokat Leif Fossvoll vart oppnemnt for Sara Levin, som dreiv kiosk på Løkken. Det er interessant å legge merke til i rapporten til Fossvoll frå 1945, at han samrørde seg med major Jyssum, som på vegner av Orkla Grube lova å ta hand om kiosken. Den vart stengt – slik at Sara Levin kunne få tilbake både kiosken og sine private eigendelar då ho kom tilbake til Løkken frå Østmarka-opphaldet i Selbu i 1945.

Slik er dette omtala i rapporten frå Leif Fossvoll i august 1945:

“Etter instruksjer skulle alt selges ved auksjon, men etter endel korrespondanse fram og tilbake gikk Likvidasjonsstyret med på at skreddermester Bustad fikk overta alt frk. Levins inventar til registringstakst. Videre gikk de med på at Orkla Grube A/B overtok hennes forretning med alt inventar etter registringstakst. Jeg hadde på forhånd truffet avtale med major Jyssum om at frk. Levin skulle få dette tilbake som det stod, når hun kom tilbake”.

Bortsett frå kampdagane våren 1940 og ved krigsslutt våren 1945 synest major Jyssum elles å ha hatt ei nokså anonym rolle i Orkla Grube under krigen. Truleg var Orkla Grube heller ikkje interessert i å marknadsføre så aktivt den erfarne krigaren og motstandsmannen. Selskapet var svenskeigd og ville unngå konfrontasjonar med tyskarane. Ein viktig del av arbeidet til Jyssum under krigen skal ha vore å sikre matforsyningane til Løkken-samfunnet, m.a. fisk frå Frøya og landbruksprodukt frå Meldal og Orkdal. For Orkla Grube synest Jyssum å spele ei viktig rolle, for då han planla å rømme til England i 1942 for å melde seg til krigsteneste der, vart han overtala til å bli verande på Løkken mot å kunne avgjere sin eigen pensjon i konsernet.

Meldal yrkesskole

Svært stor innsats gjorde Martin Gerhard Jyssum som representant for Orkla

Grube i arbeidet med å etablere og bygge ut Meldal Yrkesskole (i dag Meldal vidaregåande skole). Som kommunesty-rerepresentant på 1930-talet fekk han med arbeidsløysa blant ungdom å gjere, og han meinte at mykje av naudsarbeidet som vart igangsett, var lite framtidsretta, og ønskte å bidra til oppstart av ein yrkesskole. Jyssum vart vald inn i yrkes-skolenemnda i kommunen i 1940, og han heldt fram som representant for arbeidsgjevarsida i styret for skolen då skolen vart etablert i 1946. Her var han styremedlem til han vart styreformann etter Johan L. Strand i 1958. Jyssum var styreformann til 1965, då Sør-Trøndelag fylke overtok dei vidaregåande skolane.

Personleg veit eg at major Jyssum var rekna som ein svært god støttespelar for skolen både ut frå sine personlege kunnskapar og interesser og ut frå det at han representerte Orkla Grube, ein svært viktig pådrivar og interessent for skolen. Etter ein forsiktig start i 1946, vart 1950-60-talet ei svært viktig utbyggingstid for skolen, med nye fagtilbod, og med nye skolebygg i 1963 og 1965.

Familiemann

Av den store søskenflokken til Martin Gerhard Jysum var det heile 8 som utvandra til USA. Martin Gerhard Jyssum gifte seg i 1915 med Kristiansundjenta Jensine Midtliid (1893-1965), som var søster til ein av offiserskollegaene hans. Med henne fekk han 2 gutar, Gunnar (1917-2008) som reiste til Storbritannia under krigen og kom til å bli verande

der, og Kaare (1920-87), som vart lege og professor i Oslo, og som er far til Tore Jyssum, lege ved Orkdal sjukehus i dag.

M. G. Jyssum døydde 9. januar 1975, og han er gravlagt på Jyssums familiegravstad på Ullern kirkegård i Oslo. Men sjølv om det berre er mogleg å gjenfortelle brokkar av det livet han levde og dei hendingane han tok del i, fortener Martin Gerhard Jyssum - etter mi mening - å bli hugsa godt utanfor den næraste familien, både lokalt og regionalt.

Kjelder

Barth, Bj. Keyser (red): *Norges Militære Embedsmenn 1929*. Oslo 1930.

Thingstad, Britt Eli: "Raritetskabinettet – Vitenskapsmuseets etnografiske samling. Om M. G. Jyssums samling fra Belgisk Kongo", i Spor nr. 1, 2003.

Jyssum, M. G.: "En ski- og kjøretur fra Meraker over Essandsjøen og Nedalen til Røros i februar 1930", i *Trondhjems Turistforening Årbok*, 1931.

"Visekonge" i Congo. (90-årsportrett) i Adresseavisen 22/5-1971.

Endre Nisjas Dagbok, i Aura Avis 12/4 - 24/5-1980.

Jensen, Jørgen: "Operasjonene i Sør-Trøndelag og nordre del av Hedmark fylke", i *Krigen i Norge 1940*. Gyldendal 1956.

Løkken Verk. En norsk Grube gjennom 300 år. Orkla Grube Aktiebolag 1954.

Bergh, T. Espeli, H. Sogner, K: *Brytningstider. Storselskapet Orkla 1654-2004*. Orion Forlag 2004.

Haugen, Odd: *Meldal yrkesskole/Meldal videregående skole 1946-1996*.

Balsvik, Randi Rønning: *Afrika i eit historisk-ografisk perspektiv*. Oslo, Samlaget 2006.

Godøy, Bjørn: *Solskinn og død. Nordmenn i kong Leopolds Kongo*. Oslo, Spartacus 2010.

Hochschild, A.: *Kung Leopolds Vålnad*. (Svensk utgave av *King Leopold's Ghost*) Stockholm 2002.

Kjerland, K. A. Bang, A. K. (red): *Nordmenn i Afrika – Afrikanere i Norge*. Bergen, Vigmostad og Bjørke 2002.

Leirfall, Jon: *I storm og stille*. Samlaget 1989.

Ullensaker Bondelag 100 år. (1891-1991).

Van Reybrouk, David: *Kongo. Historien om Afrikas hjerte*. Oslo, Font Forlag 2011.

Vargas Llosa, Mario: *Kelterens drøm*. (om Roger Casement), Gyldendal 2011.

WikiStrinda, nettleksikon for Strinda Historielag. Adresse: www.strindahistorielag.no/wiki.

Intervju med Britt Eli Thingstad og besøk i Vitenskapsmuseets samling 9/12-2011.

Intervju 31/5-2011, familiehistorienotat, e-postar og bilde frå Tore Jyssum, Orkanger (f. 1950, barnebarn av M. G. Jyssum).

Opplysningar frå Arne Lauritzen, (5/2-2011) og Ingebjørg Brøndbo, Løkken (28/2-2011).

Eivind Hasle, f. 1943, oppvaksen på Løkken, er pensjonert lektor og skolebyråkrat. Har arbeidd i skoleverket i Newcastle, Tromsø, Volda og Molde, og vore tilsett i fylkesadministrasjonen i Møre og Romsdal. Bur no i Surnadal. Aktiv i organisasjonsliv, politikk og som skribent.

Takk til Tore Jyssum for utlån av bilde til artikkelen.

Takk til Vitenskapsmuseet, ved Britt Eli Thingstad, for bruk av tekst og bilde frå Spor, nr. 1, 2003.



Fleire gjenstander frå Jyssums samling frå Kongo. Tekst frå Spor 2003:

Til venstre: Beger formet som et 20 cm høyt kvinnehode. Slike ble ofte brukt til palmevin. Det trekantete ansiktet, hårlinjen og øyne formet som kaffebønner er typisk for kubakulturen. Hos bakubaene hadde smeder og skulptører høy anseelse og vakre bruksgjenstander var en viktig del av folks liv.

Fil høyre: Seremoniell høvdingøks festet til et treskaft dekket helt med kobberplater: På begge sider er det masker. Den ene av et par. Den andre øksen har bare en maske på hver side.

Foto: Per E. Fredriksen, Vitenskapsmuseet.